

Hindenes Urtehage  
v/Ingvard Jordal  
Hindenesvegen 830  
5993 OSTEREIDET  
Tlf. 478 64 129

Lindås kommune  
Teknisk Drift, VA-avdelinga  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

19.04.2015

### **Vurdering av behov for søknad om utsleppsløyve frå Gnr/bnr 21/6**

Ut frå skjemaet for søknad om utsleppsløyve skal det søkjast om utsleppsløyve dersom det er nye utslepp eller vesentlig auke i eksisterande utslepp.

I vårt tilfelle er det eit nytt landbruksbygg som er tenkt kopla til eksisterande utslepp. Slik me ser det vil det ikkje vera ei vesentleg auke i utsleppet. Sidan det er eit nytt bygg ser me at det kan bli reist tvil om vurderinga. Me legg derfor med vårt grunnlag for vurderinga og ber om at kommunen vurderer den. Dersom kommunen likevel meiner det må søkjast om løyve til utslepp, ber me om at vedlagte søknad blir lagt til behandling på normal måte. I forhold til vidare søknadsprosses på bygget ber me om ei tilbakemelding på kommunen si vurdering.

Eksisterande avløp går til sjø etter slamavskiljar. Avløpet til sjø er felles med to andre bustader. Kart vedlagt søknaden viser avløpet. Det er ikkje innlagt vatn i driftsbygningen. Bustadhuset er eit eldre gardshus med eit bad m/toalett. Det er fire personer i husstanden.

I samband med kontorarbeid, mekanisk arbeid og øvrig arbeid på garden vil nok det nye toalettet bli brukt, men det fører ikkje til auke.

Urtehagen driv ikkje gardsbutikk, men det blir likevel litt sal direkte frå garden, dette er tenkt å dekkast frå det nye bygget. Omfanget på dette er lite og behovet for toalett er veldig avgrensa. Salet går i hovudsak gjennom andre kanalar, sal frå garden er like mykje marknadsføring som ein ønskjer å styre.

Auken i utslepp vil koma i frå sals og kurskveldar. Det er eit konsept som me har prøvd litt ut før med utgangspunkt i eige hus, men det blei for tungvindt og blei lagt vekk. No ser me for oss å ta det opp igjen. Det er i hovudsak to grupper som kjem. Klubber og vennegrupper som vil ha ei felles oppleving og dei som er interessert i urtedyrking. I begge tilfeller er det ein runde ute på garden, med ei samling inne etterpå. Gruppestørelsen er på 5 – 10 personer, 6 – 8 er ideelt. Omfanget er litt vanskelig å definere no, men hovedtyngda vil vere i tidsrommet mai – september. Det går 3 -5 timer pr. kveld.

Meir enn tre gonger i månaden i nemte tidsrom trur me er lite aktuelt. Tar me likevel utgangspunkt i to arrangement i månaden gjennom heile året får ein 24 arrangement, brukar ein ti personer får ein ein person, 240 kvelder i løpet av eit år. Auken i utslepp vil derfor vere under ein personenheter.

Med venleg helsing

Ingvard Jordal